



Framfor TV-aksjonen søndag ettermiddag kan Jostein Grov melda om stor velvilje og nok bøsseberarar. Brit Halleråker som er rodeleiar for Uskedalen i år, fekk tilsendt 14 bøsser og det er eit ideelt antall, akkurat nok til å dekkja behovet. Det har heller ikkje vore problematisk å skaffa nok berarar denne gongen. Innsamlinga startar frå Gamleskulen klokka 16.

Derfor er optimismen stor framfor aksjonen, som ein håpar vil gje meir enn fjorårstalet 30 346 kroner. Samla resultat i heile Kvinnherad var 667 000.

I år går dei innsamla midlane til Norsk Folkehjelp sin innsats for fjerning av miner og klasebombar. Aksjonen med 7000 frivilljuge er framleis eineståande i verda.

På biletet er innsamlarane klare til utrykning frå skulen/barnehagen under ein tidlegare TV-aksjon. Årets base er altså Gamleskulen, som den har vore dei siste åra.

Foto: Ola Matti Mathisen